



Seljord

Helse og omsorg

Delplan for psykososial omsorg og støtte ved alvorlige ulykker og krisesituasjoner



Innhold

REVISJONSLOGG	2
1 KRISETEAM	3
1.1 FORMÅL	3
1.2 ORGANISERING	3
1.3 VARSLINGSRUTINER	3
1.4 OPPMØTESTAD/BASE	4
1.5 KONTAKT MED MEDIA	4
1.6 DEBRIEFING	4
1.7 OPPLÆRING	4
1.8 INFORMASJON OM TILBODET	4
2 INTERN VARSLINGSPLAN FOR DET KOMMUNALE KRISETEAMET	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.

Revisjonslogg

Dato:	Endring:	Godkjent av:
01.03.2011	NY	Kommunestyret
28.10.2017		Kriseteam
20.01.2020		Kriseteam
01.10.2021	Oppdatering intern varslingsplan	Kriseteam
12.05.2022	Nytt design	Kommunalsjef HO
15.06.2023	Revidert innhald	Leiar kriseteam Roar Finnebråten



1 Kriseteam

1.1 Formål

Formålet med kriseteamet er å hjelpe menneske som har vore utsett for store kjenslemessige påkjenningar i samband med ulykker/krise/katastrofar innanfor kommunen, og gje eit tilbod til innbyggjarane i Seljord som har vore utsett for tilsvarande opplevingar utanfor kommunen.

Trongen for slik hjelp vil variere sterkt frå person til person, det kjem an på både den faktiske hendinga og kjenslemessige reaksjonar hos dei som er innblanda i ei ulykke/krise. I tillegg vil behovet for krisehjelp variere ut frå kva slag nettverk dei berørte har. Ein veit og at tidlegare traumatiske opplevingar vil kunne påverke dei psykiske reaksjonane etter ei dramatisk hending.

Kriseteamet kan tre i kraft ved brå/uventa død eller krise. Teamet skal koma fort i gang, og trekke seg raskt ut som kriseteam. Kvar yrkesgruppe skal deretter arbeide vidare med individuell oppfylging i kraft av det ordinære tenesteapparatet.

Kriseteamet er ein del av Seljord kommune sin beredskap, og gjev tilbod i akuttfasen.

1.2 Organisering

Kriseteamet er tverrfagleg samansett av:
Fagleiar avd psykisk helse/rus
Kommuneoverlege
Diakon
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark
Pedagogisk Konsulent
Sjukepleiar
Helsesjukepleiar

Kriseteamet er organisera direkte under rådmann.

Kriseteamet består av åtte personar og organiserer seg sjølv i forhold til ulike arbeidsoppgåver internt. Kriseteamet kan kople inn andre fagpersonar ved behov.

Kriseteamet har to faste møte i året, elles ved behov. Leiar er ansvarleg for å kalle inn.

1.3 Varslingsrutiner

Kriseteamet sine tenester kan bli rekvirert frå lege, politi, ambulanse og brannvesen, eller legevaktsentral.

Teamet bør bli varsla ved sjølv mord.

Den av teamet sine medlemmar som vert varsla, har ansvar for å kalle inn andre medlemmar. Innkalling av ytterlegare personell vert vurdert av teamet.

Ved ulykker/kriseprega hendingar i kommunen sin eigen organisasjon, er det naturleg at rådmannen vert varsla.

1.4 Oppmøtestad/base

Kriseteamet sin oppmøtestad er Helsesenteret frem til klokken 23 etter det er oppmøte staden Heddeli i Psykisk helse sine lokaler.

Dei i teamet som vert kalla ut skal alltid møtast fyrst før dei reiser ut til hendinga. Vi reiser aldri aleine ut på hendingar.

1.5 Kontakt med media

Kriseteamet har ikkje sjølvstendig ansvar for kontakt med media.

Viser til gjeldande overordna beredskapsplan.

1.6 Debriefing

Kriseteamet jobbar etter modellen heilhetlig debrief og brukar denne metoden på kvart oppdrag, ved behov for ytterligere oppfølging meldes dette opp til Rådmannen.

Kriseteamet hjelper med debriefing av andre hjelpepersonell, men dette må avtalast med leiar i kriseteamet.

1.7 Opplæring

Kriseteamets medlemmer skal ha gjennomført kurset innan heilhetlig debrief, som er vår metode i møte med dette arbeidet. Kriseteamet har sjølv ansvar for eiga opplæring og har opplæring og trening sammen 2 ganger i året. Leiar for teamet melder inn opplæringsbehov opp til Rådmannen når dette er aktuelt, vi er ett operativ team som skal ha den nødvendige kompetanse for å kunne bistå ved kriser

Vi har egen samarbeidsavtale med dei andre kommunane i Vest – Telemark, som betyr at vi kan komme til å måtte bidra i større ulykker/hendingar. Vi planlegger også trening og opplæring med andre aktuelle samarbeidspartene(kommunar, politi, brann og helse og omsorg)

Kriseteamet vil kunne bidra med opplæring/retteleiing til andre i kommunen.

1.8 Informasjon om tilbodet

Informasjon om kriseteamet skal vera tilgjengeleg på kommunen sin heimeside.

Varslingsplan for kriseteamet blir sendt til aktuelle instansar. Kriseteamet har sjølv ansvar for å oppdatere kontaktinformasjon.

Aktuelle instansar:

Helsesenter/legevakt, AMK, Telemark politidistrikt, Brannvesen, Sentralbord i kommunen, Rådmann, Dyrskun arrangement